



Rekneskapsrapport pr. mai - juni 2021

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:
210

Arkivsaksnr.:
21/2124

JournalpostID:
21/45271

Saksnr: 108/2021	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato: 02.09.2021
----------------------------	--	----------------------------

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mai – juni 2021 til orientering.

Bjørnafjorden, den 30.07.2021

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 02.09.2021:

Behandling:

Kommunalsjef Monica Totland Melvold svara på spørsmål om kjøp av sjukeheimplassar i Samnanger, ventelister til sjukeheimplass og andre spørsmål knytt til sjukeheimplassar. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. mai – juni 2021 til orientering.

Samandrag av saka:

Prognosane viser at det kan bli meirutgifter i Stab og særleg Helse- og velferd. Vi reknar med at ein stor del av meirutgiftene i Helse og velferd kan dekkast av midlar frå SIO ordninga, og av auka rammetilskot i samband med Covid-19. Skatteanslaget for kommunesektoren er auka i revidert nasjonalbudsjett og vil venteleg gje auka skatteinntekter for kommunen. Desse bør haldast i reserve for å dekke forventa meirutgifter til lønsoppgjer og reguleringspremie for pensjon.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon om kommunen sin økonomi.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksframlegg:

Samlerapport drift 2021 - Juni						
Sektor	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Forbruk %	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Forbruk %
Frie inntekter	(579 794 138)	(1 140 137 000)	51 %	(589 652 240)	(1 158 686 000)	51 %
Finans	36 347 191	108 752 747	33 %	56 696 572	130 669 749	43 %
Fellesområde	3 455 481	41 339 740	8 %	37 862 594	52 322 820	72 %
Stab	55 774 272	88 977 450	63 %	47 107 350	76 400 848	62 %
Oppvekst	365 289 550	680 208 381	54 %	304 582 411	664 010 181	46 %
Helse og Velferd	34 216 222	82 543 168	41 %	28 618 572	102 972 128	28 %
Samfunnsutvikling	71 244 780	138 315 514	52 %	49 663 681	132 310 274	38 %
Sum	(13 466 644)	-		(65 121 060)	-	

Frie inntekter

Prognose: Frie inntekter ser ut til å få meirinntekter på 13 mill. kr knytt til auka skatteinngang.

Rammetilskot

Stortinget har behandla revidert nasjonalbudsjett, og det er gjort fleire endringar som aukar rammetilskotet til kommunen:

Kompensasjon Covid-19 for 2 halvår 2021	4 646 000
Vaksinering Covid-19	3 517 000
Auka basistilskot fastlegar	350 000
Kapitaltilskot vedr private barnehagar	647 000

Frå statsforvaltaren har kommunen mottatt kr 5.600.000 i skjønstilskot vedr Covid-19.

Kommunedirektøren vil kome tilbake til fordelinga av midlane til sektorane i 2. tertialrapport 2021.

Skatteinntekter

I revidert nasjonalbudsjett blei prognosane for kommunane sin skatteinngang auka med 2,7 mrd. kr som følgje av forventningar om vekst i sysselsettinga og høgare lønsvekst. Det reviderte skatteanslaget medfører at kommunane kan få ein skattevekst i 2021 8,6 prosent. Overslag viser at Bjørnafjorden kommune kan få auka skatteinntekter på ca. 13 mill. kr som følgje av dette.

Andre generelle driftsinntekter

Det er i 2021 budsjettert med 10 mill. kr i Havbruksmidlar, 19,6 mill. kr i integreringstilskot flykningar og 2,5 mill. kr i rentekompensasjon frå Husbanken. Det er framleis for tidleg å seie korleis desse postane vil bli.

Finans

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Finans ser ut til å gå i balanse i 2021.

Det er teikn i marknaden til at rentenivået vil auke framover. Dette vil i tilfelle kunne medføre at renteutgiftene blir høgare enn budsjettet, men førebels ser det ut til å gå greitt. Ein renteauke vil i tilfelle få mest å seie for neste års budsjett og åra framover.

Det er ikkje budsjettet med inntekter/avkastning frå den langsiktige finansportefølja, då dette er ei usikker inntekt. Pr. juni 2021 har den langsiktige finansportefølja ei avkastning på kr 9.298.000, tilsvarande 6,1%.

Fellesområde

Prognose: Fellesområde vil få store meirutgifter i samband med årets lønsoppgjer. Fellesområde består av Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon. Rekneskapen for Folkevalde organ og Fellesutgifter ser så langt greie ut i forhold til budsjett, men det gjenstår innsparingskrav (prosjekt B22) på kr 500.000 (vedr redusert politisk møteverksemd) og kr 1.675.000 vedr Fellesutgifter som er under arbeid.

Pensjon

Det sentrale lønsoppgjeret for kommunal sektor er berre delvis ferdig, på grunn av brot i forhandlingane. Lokale forhandlingar skal skje til hausten med relativt stor «pott» i bordet. Det er for tidleg å seie noko kva som blir det totale resultatet av forhandlingane, og om avsett «pott» til årets lønsoppgjer (17 mill. kr inkl. sosiale utgifter) vil vere stor nok. I fjor var det eit lavt lønsoppgjer, og unytta midlar til lønsoppgjer blei sett av til lønsreguleringsfond. Det vil truleg kome til nytte i år.

Lønsoppgjeret blir mykje høgare enn det pensjonsleverandørane la til grunn for berekning av pensjonspremie for 2021. Det inneber at pensjonsraten også i vår kommune er alt for lav. I budsjettet for 2021 la vi inn ei innsparing på 10 mill. kr i forhold til 2020 på grunn av varsla premie-reduksjon, men med dagens kunnskap skulle vi i heller ha auka pensjonsbudsjettet. Overslag viser at vi vil kunne få auka pensjonsutgifter på ca. 28 mill. kr, vil vere ein god del lavere om vi har held utanfor SIO området og gebyrfinansiserte område. Vi vil kome tilbake med meir nøyaktige beløp til hausten.

Kommunen har budsjettet med ein inntekt vedr premiefondet i KLP på 5 mill. kr (fond i KLP sin rekneskap for tilbakeførte premier og tilført overskot). Som følgje av godt resultat i 2020 har premiefondet blitt tilført 12 mill. kr, altså 7 mill. kr meir. Desse vil bli nytta fullt ut til å delbetale pensjonspremie i 2021.

Som nemnt tidlegare vil kommunane få ei ekstraordinær tilbakeføring av midlar frå KLP som følge av at avsetningskravet til framtidige alderspensjonar er redusert som følgje av ny pensjonsordning frå 2020 (med andre ord at den nye pensjonsordninga for kommunalt tilsette er billigare for pensjonsleverandørane enn den gamle ordninga). Beløpet for Bjørnafjorden kommune er estimert til 109,8 mill. kr. Midlane vil inntil vidare stå på eit lukka premiefond. Midlane kan berre brukast til å betale framtidige pensjonspremiar/faktura frå KLP. Vi må kome tilbake til korleis vi skal gripe dette an.

Stab

Prognose: Stab ser førebels ut til å få eit meirforbruk på ca. 4,8 mill. kr i 2021. Beløpet er inkludert innsparingskrav i B22 på 1,5 mill. kr vedr innkjøp. Det er planlagt konkurransar i løpet av 2021 som potensielt kan gi gevinstar, men vi kan ikkje seie noko nærare før konkurransane er gjennomførte. Resten av varsla meirforbruk gjeld IT området, men «bremsane» er på, og det er von om at meirforbruket kan reduserast.

Oppvekst

Prognose: Oppvekst ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Dei fleste skulane ser ut til å klare å drifte i balanse i år, og barnehage-området ser i store trekk også greitt ut. Førebyggjande helseteneste har fått noko mindre tilskot frå helsedirektoratet og vil trekke ned drifta frå juni for å halde budsjettet. Også PPT ser ut til å drifte i rute. Barnevernet meldar om fleire plasseringar enn tidlegare samt kostnadskrevjande tiltak for å unngå plasseringar, og det er såleis ein risiko for at dei ikkje vil halde seg innafor budsjettramma.

Helse og velferd

Prognose: Helse og velferd kan få eit meirforbruk i 2021 på ca. 13,8 mill. kr. Heimetenestene ser ut til å drifte i balanse, men dei to sjukeheimane har store utfordringar. Høge brukarbehov innan demensomsorga har ført til at ein over tid har gått med ekstrabemannning. Sjukeheimane har og store utfordringar med rekruttering, og dei mange ledige stillingane gjev utslag i dyrare drift og skapar ein usikker situasjon. Om dette driftsnivået held fram vil ein kunne få eit meirforbruk på ca. 21 mill. kr i 2021. Tilrettelagte tenester for vaksne har ekstra bemanning rundt ein brukar, og nyttar framleis vikarbyrå for å dekke opp for ledige stillingar. Det er venta at dette vil medføre eit meirforbruk på ca. 1,5 mill. kr i 2021. Vi reknar med at SIO midlar kan dekke dette meirforbruket i desse to einingane.

Einingane NAV, Forvaltning og koordinering, Helsefremming og rehabilitering, Tilrettelagte tenester for barn og unge, Psykisk helse og rus meldar alle om at dei ser ut til å drifte innafor budsjettrammene sine, og kanskje få samla innsparing på ca. 3,2 mill. kr.

Korona-legevakta er ein ekstraavgift knytt til pandemien, og det er pr. no vanskeleg å seie kor lenge vi må oppretthalde denne tenesta. Pr no legg vi til grunn ein avgift på ca. 7 mill. kr i 2021. Også ordinær legevakt og legetenester ser ut til å få meiravgifter – noko av dette er knytt til Covid – 19 medan noko gjeld høgare lønsavgifter til legane enn budsjettet. Meiravgifta er rekna til ca. 4 mill. kr i 2021.

Store rekrutteringsutfordringar og mangel på fastlegar på Eikelandssosen helsesenter gjer at ein må leige inn vikarar frå byrå, noko som er kostnadskrevjande. Om dette held fram kan det bli eit meirforbruk på ca. 6 mill. kr ved årsslutt. Sektoren kan dekke deler av meiravgiftene ved innsparing i andre einingar, og det vil vere aktuelt å sjå på tilleggsføring for den delen av meiravgiftene som gjeld handtering av Covid-19.

Samfunnsutvikling

Prognose: Samfunnsutvikling ser førebels ut til å gå i balanse i 2021.

Vintervedlikehaldet er den største utfordringa for Samfunnsutvikling i år, men fleire brann-utrykkingar og lave inntekter vedr byggesak bidrar også til at sektoren har vanskar med å halde budsjettramma. Det er identifisert innsparingar (t.d. intern rekruttering av stilling) og meirinntekter som kan bøte på ein del av dette. Sektoren arbeidar med nye konkrete tiltak/innsparingar med sikte på å halde seg innafor budsjettramma.

Bjørnafjorden, den 30.07.2021
Ingrid Karin Kaalaas
Økonomisjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

